



## Rasestandard for Kystgeit

**Rasenavn:** Kystgeit

### **Formålet til rasen:**

*Kystgeita har vore avla og brukt til kjøtproduksjon i generasjonar. Dette vil ein halde fram med. Kystgeita er ein framifrå landskapspleiar.*

### **Rasehistorie**

- ◆ *Rasen stammer frå den gamle kjøtrassen som har vore på kysten, truleg i mange hundrede år. I Selje kommune har drifta av denne rasen vore i ubrotten tradisjon like lenge.*

Omfanget av innkryssing av andre raser:

- ◆ *1970-åra: Truleg ikkje noko.*
- ◆ *1980-åra: Ein og annan bukk frå melkegeitbesetning.*
- ◆ *1990-åra: Mogeleg ein eller to bukkar frå melkegeitbesetning.*
- ◆ *Sidan 2000: I 2004 vart det henta tre bukkekje frå stammen av kystgeit som går på Sandsøya.*

### **Populasjonsstørrelse**

*Etter ei ringerunde til medlemmane våren 2007 ser det ut til at populasjonen har vakse til omlag 180 vaksne geiter, 180 kje, 180 kastratar og 13 grabukkar. Desse er fordelte på 14 dyreeigarar.*

## Rasebeskrivelse

### 1. Standard opplysninger og viktige eksteriøre trekk for rasen

| Eigenskap                 | Beskrivelse  | Eksempelbilde |
|---------------------------|--|---------------|
| <b>1. Horn</b><br>Hanndyr | <i>Dei aller fleste har horn. Utliggande, nesten som «sykkelstyre». Kastratane har mindre horn, liknande på hodyra, men dei er større. Også dei er utliggande.</i>   |               |
| <b>2. Horn</b><br>Hodyr   | <i>Dei aller fleste har horn. Utliggande som på kastratane, men mindre. Nokre få har rette horn</i>  |               |
| <b>3. Ulltype</b>         | <i>Geita har ikkje vanleg ull, men ragg og underull. Det finst både heilt kort ragg og langt ragg. Enkelte dyr har veldig langt ragg på låra.</i>  |               |
| <b>4. Fargar</b>          | <i>Frå gamalt av har det vore kvit, svart brun, grå og blå. Desse fargane er det ulike kombinasjonar på kvart dyr.</i>   |               |
| <b>5. Vekt</b><br>Hanndyr | <i>Det er mest vanleg å slakte når dei er 3-4 år gamle. Normal slaktevekt er då mellom 28 til 33 kg. 2 åringar veg mellom 22 til 25 kg. Levande vekt veit ein ikkje då det ikkje har vore veging. Det førekjem dyr med både større og mindre vekter.</i> |               |
| <b>6. Vekt</b><br>Hodyr   | <i>Slaktevekt vaksne, 20 til 25 kg. Hagner, 18 til 23 kg. Kje 8 til 15 kg. Det førekjem dyr med både større og mindre vekter. Heller ikkje av hodyr har det vore veging av levande dyr.</i>  |               |
| <b>7. Hale</b>            | <i>Spel på omlag 10 cm.</i>  |               |
| <b>8. Hovud</b>           | <i>Dei aller fleste har horn. Både hodyr og hanndyr har «sjegg» under haka. Grabukkane har større horn og lenger sjegg enn dei andre og «bruse» i panna.</i>   |               |
| <b>9. Rygg</b>            | <i>Smal rygg.</i>  |               |
| <b>10. Bryst</b>          | <i>Smalt bryst.</i>  |               |
| <b>11. Kryss</b>          | <i>Smalt og rett kryss.</i>  |               |
| <b>12. Lår</b>            | <i>Det er ynskjeleg med fyldige lår, men dei fleste er smale.</i>  |               |
| <b>13. Føter</b>          | <i>Spinkle, men kraftige og sterke føter som har god bevegelegheit i ledda og klauane. Klauane er mjuke på undersida, «puter».</i>   |               |

### 2. Beskrivelse av andre særtrekk hos rasen

For eksempel beitemønster, lynne, moreigenskapar etc.

*Dei held seg stort sett til eit «revir». Innanfor dette beitar dei over store områder. Dei har eit stort artsmangfald på matsetelen. Dei et tang og tare i fjera, skudd, knoppar og blad av dei fleste tresortar. Lyng, gras og ulike urter. Brød, kraftfor, tørrsild, middagsrestar og dei fleste hageplantar. Lynnet er stort sett godt og dei er ikkje å temje, men dei har urinstinkt inntakt så dei må helst vere i kontakt med folk ofte for å halde ved like at dei har tilliten. Dei har veldig gode morseigenskapar. Held gjerne i lag i familier i både to og tre generasjonar. Det ser ut til at dei er smarte og hugsar godt. Er i bevegelse det meste av døgnet. Raske å gå og utrulege til å klatre.*

### **3. Rasen si kulturhistoriske betydning**

Spesielle produkter knytt til rasen

*Det spesielle ved driftsforma i Selje kommune er at dei aller fleste bukkkje vert kastrerte når dei er 6 til 8 veker. Desse vert stort sett ikkje slakta før dei er tre til fire år gamle. Dei går ute mesteparten av året. Ein tek inn geitene før forventa kjeing. Kjea er inne i to til tre månader, geitene er ofte ute om dagen og kjem heim til kjea om kvelden. Kastratane er ute, med unntak av når det er mykje snø eller dei kjem heim på grunn av sludd eller anna dårleg ver.*

*Frå gammalt av veit ein at skinnet var nytta til å lage «oljehyre» til fiskarane. Horna laga dei skjeier og knivslirer av. Klauvane vart kokte og dei fekk klauvfett som var ein veldig fin og høgverdig olje, nytta til bla. våpenolje.*

*Kjøtet vert nytta til pinnekjøtt, spekekjøtt av lår, sosekjøtt av bog og nakke, saltkjøtt av rygg og «skjeltehaud». Det er enno nokon som lagar blodpølse i ilåta der ein del av nekkja er brukt som fett.*